

Send skjemaet til statsforvaltaren i det fylket som har fatta vedtak i saka.

GA – 8047 N

## Klage på vedtak i verjemålssak

### Viktig informasjon dersom du ønskjer å klage på vedtaket

#### Retten til å klage og klagefrist:

Ifølgje lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 64, jf. § 47 tredje ledd og lov av 10. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28 har du rett til å klage på det enkeltvedtaket du har fått frå statsforvaltaren. Klaga skal sendast til statsforvaltaren i det fylket der vedtaket blei gjort. Klaga må vere hos statsforvaltaren seinast tre veker etter at du fekk vedtaksbrevet, jf. forvaltningslova § 30. Dersom du meiner at vedtaket ikkje er grunngitt, kan du be om grunngiving. Klagefristen vil da vere tre veker frå du får grunngivinga. Som hovudregel vil ikkje statsforvaltaren behandle klager som kjem inn etter fristen. Dersom du sender inn ei klage etter at fristen er gått ut, må du i pkt. 3 gi opp ein grunn for dette, jf. forvaltningslova § 31.

#### Klageprosessen:

Statsforvaltaren kan gi deg medhald i klaga, og vedtaket du klaga på, blir da anten oppheva eller endra. Dersom statsforvaltaren ikkje gir deg medhald, blir klaga send vidare til Statens sivilrettsforvaltning (SRF), som er klageinstans i verjemålssaker. Klageinstansen kan avvise saka dersom vilkåra for å behandle saka ikkje er til stades. Når klaga blir behandla, kan SRF vurdere alle sider av saka på nytt, og ta omsyn til nye saksopplysningar. SRF kan gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det tidlegare vedtaket og sende saka tilbake til statsforvaltaren for heil eller delvis ny behandling.

#### Rett til innsyn i dokumenta i saka:

Ifølgje forvaltningslova §§18 og 19 har du med nokre få unntak rett til å sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta i saka, må du kontakte statsforvaltaren som har gjort vedtaket.

#### Utsett iverksetjing av vedtak:

Sjølv om du har klagerett, kan innhaldet i vedtaket vanlegvis gjennomførast med ein gong. Du kan likevel søkje om å få utsett at vedtaket blir sett i verk, inntil klagefristen er ute eller klaga er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

### 1 Informasjon om personen med verje (han eller ho vedtaket gjeld for)

Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:

<b>2 Informasjon om den som klagar</b>		
Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:
Tilknytning til personen med verje og/eller saka:		
<b>3 Informasjon om vedtaket det blir klaga på</b>		
Kva vedtak det blir klaga på (kva saka gjeld):		Saksnummer:
Dato da vedtaket blei fatta:		Dato da vedtaket blei mottatt:
<b>4 Grunngiving for klaga (kan og leggast ved i eget dokument)</b>		
<p>Her må du grunngi klaga og kva forhold du ønskjer å endre. Her gir du og andre opplysingar som er relevante for saka.</p>		
<b>5 Underskrift</b>		
Dato:	Stad:	Underskrift frå klagar: